

SAKLISTE

- *Val av møteleiar, referent og representantar til å signera protokollen.*
Møteleiar: Eirik Hoem, Referent: Lars Olav Halleråker, Signatur protokoll: Siri Liestøl Christensen og Hanne Loen Stranden.

- *Godkjenning av innkalling og dagsorden for møtet.*

Godkjent utan innvending.

- *Rekneskap*

FAU har ein sum på 6248,28 på konto, det er ingen plan for desse. Utover desse midlane er det FAU som administrerar sirkulerande vippskontoar til dei ulike klassene. Klassene disponerar egne midlar.

Tidlegare praksis på 5% av overskot frå dugnadarbeidet skal gå vidare til FAU som ein symbolsk sum for bruk av skule, samfunnshus og liknande. Dette var ein fin praksis, men er ikkje eit krav lengre. Saken vart mildt diskutert, men ikkje konkludert.

- *Behandle innkomne saker*

SAK 1 Samarbeid mellom heim og skule og vegen vidare for FAU

Årsmøtet i FAU Hafslo barne- og ungdomsskule går gjennom dei vedtekne forventningane til skule/heim-samarbeidet.

(dokumentet «fau hbus forventningar til skule heim samarbeidet 20.06.2023»)

Skule -heim samarbeid

Dette vert sett på som eit viktig dokument som ivaretek forholdet mellom skule og heim. Føresette må være bevisste over si rolle og ansvar rundt det å framsnakke skulen.

Innspel i årsmøtet:

- Skule heim samarbeid bla.a foreldrenettverk ynskjust inn som eige punkt.
- Endre bruk av facebook og andre sosiale media i tråd med kommunen sine reglar.

Vedtak: FAU får fullmakt til å revidere «Forventningar skule heim» Der og årsmøtet sine innspel vert teke med

SAK 2 Gåver til lærarar

FAU har fått innspel om å ta praksisen om gåver til lærarar til vurdering. Det har komme inn ønske om at det bør vere rom for å gi lærara/kontaktlærarar utenom kontaktlærarar i 10. trinn gåve og merksemd.

I handbok for foreldrerepresentantar står det følgjande:

"Kontaktlærer i 10. klasse får blomsterhelsing ved skuleavslutning."

Kommentar frå FAU: Dagens praksis har vore gjeldande sidan 2023 og vore handsama fleire gonger dei siste åra i FAU. Bakgrunnen for gjeldande praksis har blant anna vore gratisprinsippet i skulen.

Vedtak: Klassekontaktar ordnar blomsterhelsing eller liknande til kontaktlærarar ved avslutning på barnetrinnet 4, mellomtrinnet 7, og ungdomstrinnet 10. Om det er andre som og har vore med klassa der det er naturleg med ei merksemd, gjer foreldrekontaktar i klassene eiga vurdering i kvart tilfelle.

- Godkjenne val av klassekontaktar og økonomiansvarlege.

Vedlagt liste er valgt utan innvending. FAU organiserer denne til også innehalde kontaktinformasjon.

- Konstituere FAU, velge medlemmer til SU og andre arbeidsgrupper.

Leiar:	Eirik Hoem
Nestleiar:	Ine Jeanette Skjerven
Økonomiansvarleg:	Tonje Helene Været
Sekretær:	Lars Olav Halleråker

Medlemmer til SU:	Eirik Hoem
	Ine Jeanette Skjerven
	Anne Grete Sønsthagen

- Ymse

FAU HBUS si handbok til foreldrekontakter visast og omtalast. Denne ligger på heimesida til skulen. FAU ser på innhald og reviderer denne i løpet av hausten. Klasserepresentantar oppmodast om å komme med innspel til denne.

Vedtak etter innspel: Kvar klasse skal ha to økonomiansvarlege.

Merknad til vedtak. FAU oppmodast til å undersøke om det er nokre lokale, regionale eller nasjonale retningslinjer rundt økonomistyring til klasser i grunnskulen.

Referent: Lars Olav Halleråker